

ÅRSMELDING FRÅ FOGN GRENDALAG 2015

Grendalagsstyret pluss arbeidsgrupper fekk etter konstituering 11.06.15 følgjande struktur:

Styret:

Leiar(vald på årsmøte) Kristoffer Østhush , Merete M. Kindingstad – vald til kasserar , Kathrine Flesjå vald til referent , Harald Bøe , Arnstein Bøe , Janne A. Bø , Joar Sandanger

Varamedlemmer: Johannes Hovda (1.vara) Arne Straumstein (2.vara)

Kulturgruppa:

Kulturgruppa arrangerte ein tradisjonell basar på Erås i museet.

Det var svært mange som deltok, og dermed fekk høyra om prosjektet til Jonny Mydland i Kenya. Han og Olle Hemdorf hadde ein liten mini-konsert for oss. Etter dette selde vi ut tre rundar med årer.

Det kom inn mest kr 17.000,- som seinare er ettersendt til J. Mydland sitt prosjekt Maisha Mema. "Bedre Liv" der barn frå slumområda får ein stad å bu, mat, klær og skulegong.

Altså eit betre liv.

Vi har støtta dette tiltaket tidlegare, og kvart år etterpå har vi hatt besøk av Mydland, der ein konsert har vore deira takk til oss.

Vi trur midla kjem godt med!

Elles:

Styret har hatt 5 styremøte, pluss 1 møte i FFG (fellesforum for Grendalag – arr. Livleg Engasjement).

Dugnad i Skinnvika, siste del vert gjennomført 20.06.15 Det er då til saman blitt 240timer med dugnadsarbeid. Godt jobba!

4.juli på Fogn Handel sin åpningsfest presentert vi Fogn Grendalag med quiz, info tursti plakat mm.

10.09.15 invitert Grendalaget til partidebatt. Der hovudfokus for kvelden var «Korleis kan Fogn nå visjon 400+?» Et flott oppmøte av lokalbefolkning på ca. 50 personer.

Det blei sendt utale ang nye ferjeruter 2016 i forbindelse med opning av Sandsfjord bru. Grendalaget hadde ein grundig i gjennomgang inkl tilbakemeldingar frå befolkninga på Fogn før utalsen ble sendt

Nyttårsafta kl.18:30 hadde vi felles oppskyting av rakettar, arr.Grendalag og Idrettslaget. Eit positiv og vellukka arrangement .

Det vil bli tatt ei vurdering i styret på om dette skal forsetja sidan idrettslaget har meldt frå om at dei ikkje vil støtta arrangementet i framtida.

09.02.16 inviterte Grendalaget til folkemøte vedr. Øyfast og IRIS- rapporten som var blitt utført på oppdrag frå Finnøy Kommune . Omlag 55 personer møtte opp. Her var meiningsane mange, men ved spørsmål om kor mange som ønska å gå for prosjekt blei det et fleirtall for.

Til årsmøte har Grendalaget hatt vinterbilde konkurranse. Mange flott bidrag kom inn.
